

GLOBAL KNOWLEDGE-PROSJEKT

”Du kan aldri vite kva morgondagen bringer” Zambiske barn sine tankar om eiga framtid

av
213 Oda Kristine Myklebust

**”You never know what is going to happen tomorrow”
Zambian children’s thoughts about their own future**

Global Knowledge

GK 300

Mai 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva ""Du kan aldri vite kva morgondagen bringer" Zambiske barn sine tankar om eiga framtid" i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

213 Oda Kristine Myklebust

JA NEI

Samandrag

I forskingsprosjektet ""Du kan aldri vite kva morgondagen bringer". Zambiske barn sine tankar om eiga framtid" har eg undersøkt kva zambiske barn tenker rundt ulike spørsmål om framtidig familie, utdanning og kva dei tenkjer om framtida generelt. Problemtillinga til oppgåva er denne:

Kva seier zambiske gutar og jenter om si eiga framtid, og korleis kan uttalingane deira spegle samfunnet dei lev i?

Eg har intervjuet to gutar og tre jenter i semistrukturerte gruppeintervju, samt hatt individuelle oppfølgingsintervju med éi jente og éin gut. I tillegg fekk alle fem barna teikne seg sjølv i omgjevnadane sine slik dei ser for seg framtida. Informasjon frå teikningane vert brukt som supplement til det barna fortalde i samtalanene.

Oppgåva er i hovudsak bygd på teori om tradisjonelle og moderne samfunn frå Dahl (2001; 2013), Inglehart & Baker (2012) og Giddens (1991), rasjonalitetsteori av Weber (1999) samt referansar til afrikansk kultur og zambiske leveforhold av Shutte (2001) og Taylor (2006).

Abstract

Within the research project “You never know what is going to happen tomorrow”. “Zambian children’s thoughts about their own future” I have examined what Zambian children think about their future family, education and general predictions of the future. The question of research is this:

What do Zambian boys and girls say about their own future, and how can the statements reflect the society they live in?

I have interviewed two boys and three girls in semi-structured group interviews, and followed up with individual interviews with one girl and one boy. In addition to this all five of them were asked to draw how they picture themselves in their surroundings in the future. The information I got from the drawings is used as supplement to what the children told in the conversations.

This research is mainly based upon theories about traditional and modern societies, by Dahl (2001; 2013), Inglehart & Baker (2012) and Giddens (1991) and rationality theories by Weber (1999) supported by some references to African culture and Zambian standards of living by Shutte (2001) and Taylor (2006).

Innholdsliste

1.0 Innleiing	2
1.1 Bakgrunn for prosjektet	2
2.0 Teori.....	3
2.1 Tradisjonelle samfunn: kollektivism, respekt og religiøsitet	3
2.2 Moderne samfunn: individualisme, risikovurdering og abstrakte system	4
2.3 Ubuntu: afrikansk fellesskapstenking.....	4
2.4 Formålsrasjonalitet og verdirasjonalitet	5
2.5 Kort om det zambiske samfunnet	5
2.6 Kjønnforskjellar i Zambia	5
3.0 Metode	6
3.1 Kvalitativ metode	6
Utseljing av informantar	6
Semistrukturert gruppeintervju	7
Teikning	7
3.2 Forsking i kontekst.....	8
3.3 Reliabilitet og validitet.....	8
3.4 Etske omsyn.....	9
3.5 Moglege feilkjelder.....	9
4.0 Empiri	10
4.1 Familie	10
4.2 Tryggleik og velstand	11
4.3 Utdanning og arbeid.....	12
5.0 Drøfting.....	13
5.1 Framtidsplanlegging og risikovurdering	14
5.2 Familien som sikringsnett.....	14
5.3 Tradisjonelle kjønnsroller i grunn.....	15
5.4 Møte mellom tradisjonelle og moderne verdier og verdsopfatning.....	17
6.0 Avslutning.....	17
Litteratur.....	18
Vedlegg:.....	19
Teikningar	19

1.0 Innleiing

Denne oppgåva er skriven som eit prosjektarbeid i emnet Global Knowledge i mitt avsluttande semester i ei fireårig grunnskulelærarutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Som ein del av dette emnet har eg oppheldt meg to månadar i Zambia saman med 11 andre jenter frå ulike studieretningar. Prosjektet vart påstarta under dette opphaldet i Zambia medan eg hadde praksis på skular rundt om i byen vi budde i. Eg fekk både inspirasjon til problemstillinga og datamateriale til empirien i oppgåva gjennom opplevingane på desse skulane.

1.1 Bakgrunn for prosjektet

På ein av dagane i praksis på ein barne- og ungdomsskule i Zambia gav eg elevane ei oppgåve der dei skulle skrive om eit yrke dei kunne tenkje seg i framtida, kva dette yrket inneber og kvifor dei ville ha dette yrket. Eg la merke til at barna nemnte yrker som eg kanskje ikkje i første omgang ville ha forventet om eg gjorde den same skriveoppgåva med ei norsk skuleklasse. Sjukepleiar, pilot og profet var blant yrka som gjekk igjen. Dette fekk meg til å tenke på kva som har påverka barna til å tenke i desse banene, og kva det er med desse yrka som er tiltrekkande for dei. Eg begynte også å sjå etter om det var mogleg å sjå eit mønster i kva typar yrker jenter ønskjer seg i forhold til kva yrker gutane kan tenkje seg. Vidare fekk eg innspel om at framtidsdraumane til zambiske barn kanskje ikkje i hovudsak handlar om kva yrke dei kan tenkje seg, men meir om livssituasjon og om seg sjølv i samfunnet generelt. Tenkjer borna på å stifte familie, og kor viktig er familien for dei? Korleis kan samfunnet dei lev i ha påverka draumane dei har? Eg vart også nysgjerrig på kva som skil det jenter drøymmer om og det gutar drøymmer om. Og ikkje berre kva dei drøymmer om, men kanskje noko dei fryktar? Med bakgrunn i kunnskap om ulike samfunnstypar ønskte eg å undersøke meir om zambiske jenter og gutar sine tankar om framtida, noko som leidde fram til følgjande problemstilling:

Kva seier zambiske gutar og jenter om si eiga framtid, og korleis kan uttalingane deira spegle samfunnet dei lev i?

2.0 Teori

Prosjektoppgåva byggjer på teorien som vert presentert i denne delen. Dette er utplukka teori frå feltet som vidare vert brukt for å kunne svare på problemstillinga til prosjektet. Teorien vert seinare kopla inn i drøftingsdelen for å gjere forskinga heilskapleg.

2.1 Tradisjonelle samfunn: kollektivism, respekt og religiøsitet

Tradisjonelle samfunn kan kjenneteiknast med dei verdiane ein finn rådande blant menneska i samfunnet. Mellom anna er religion viktig i livet til den enkelte, økonomisk og fysisk sikkerheit er viktigare enn sjølvrealisering og livskvalitet, og for barn er det viktigare å lære om lydighet og religiøsitet enn å lære om sjølvstende og å ta eigne val (Inglehart & Baker, 2012, s. 24).

Undersøkingane til Inglehart & Baker (2012) viser også at verdiar som plasserer menn over kvinner i rang er rådande (Inglehart & Baker, 2012, s. 26).

Tradisjonelle samfunn kan også knytast til det Øyvind Dahl (2001) omtalar som ein B-kultur. Kultur er eit komplekst omgrep og det er derfor problematisk å tileigne eit land eller eit folk ein bestemt kultur. Når Dahl skriv om A- og B-kultur er dette tenkte kulturtypar som ein ikkje kan finne absolutt samsvar til nokon stad i verda. Ein snakkar om å sjå verda gjennom ulike kulturfilter alt etter kva slags type samfunn ein er kjent med og identifiserer seg med. Folk i typiske tradisjonelle samfunn vil i følge Dahl sin modell sjå verda gjennom kulturfilter B. Å sjå verda gjennom kulturfilter B omhandlar mellom anna å ha eit kollektivistisk menneskesyn, vektlegging av sosial rang og streng oppretthalding av kjønnsroller. I tillegg er tilhøyre til familie og slekt svært viktig (Dahl, 2001, s. 72).

Ein kan knyte teori om kollektivism til omgrepet "vi-samfunn", der omsynet til storfamilien, gruppa og det sosiale nettverket er viktigast (Dahl, 2013, s. 252). Sosial konformitet er viktigare enn det individualistiske og respekt for autoritetar er sentralt (Inglehart & Baker, 2012, s. 25). Alder gir autoritet, og foreldre og besteforeldre vert sett på som vise. Med alderen kjem også eit auka ansvar på den enkelte for å bevare familiens ære (Dahl, 2013, s. 253). I ein kollektivistisk orientert kultur vert eit barn automatisk ein del av storfamilien ved fødselen, og dei vil lære å vise respekt for eldre og å gå til dei for å få råd og rettleiing. Barna lærer å innrette seg etter storfamilien. (Dahl, 2013, s. 252).

Som tidlegare nemnt vert religion vektlagt i tradisjonelle samfunn (Inglehart & Baker, 2012, s. 24). Gud vert oppfatta som ein autoritet ein skal forhalde seg strengt til, og det er typisk at folk trur på at dei finst ein himmel og eit helvete (Inglehart & Baker, 2012, s. 26). I tradisjonelle samfunn aksepterer ein verda som den er og tenker at det er opp til skjebnen korleis livet utartar seg (Dahl, 2001, s. 72).

2.2 Moderne samfunn: individualisme, risikovurdering og abstrakte system

Moderne samfunn står i kontrast til tradisjonelle samfunn på fleire måtar. Medan kollektivismen kjenneteiknar tradisjonelle samfunn kan ein seie at individualismen står sterkt i moderne samfunn. Moderne samfunn kan vidare også kallast "eg-samfunn" der individuelt sjølvstende og sjølvrealisering vert verdsett (Dahl, 2013, s. 252). For å bruke kulturfiltermodellen til Dahl (2001) igjen, kan ein seie at ein i eit moderne samfunn ser verda gjennom kulturfilter A. Dette omfattar ei tru på at verda kan kontrollerast, handling etter fornuft, skilje mellom det religiøse og materielle, utvisking av kjønnsroller og individorientert menneskesyn (Dahl, 2001, s. 72).

Medan storfamilien er den enkelte sitt sikringsnett i tradisjonelle samfunn vil individet i det moderne samfunnet måtte stole på det Giddens (1991) omtalar som abstrakte system (Giddens, 1991, s. 18). Risikovurdering utgjer nokre av kjerneelementa i moderniteten, noko som omfattar behovet for å redusere livstrugande risikoar for individet, i stor grad basert på trygging frå abstrakte system som forsikringsordningar og tryggingsalarmar (Giddens, 1991, s. 114). Statleg ansvar for å sikre grunnleggjande tryggleik for innbyggjarane er også ein vanleg definisjon av velferdsstaten (Esping-Andersen, 1990, s. 19).

Moderniseringsprosessar i eit samfunn kan ofte skje på bakgrunn av industrialisering. Industrialisering vil vidare kunne føre med seg andre endringar sosialt og kulturelt i samfunnet, som for eksempel betring av utdanningssystem og endring av kjønnsroller (Inglehart & Baker, 2012, s. 20). Kva som endrar seg og kva retning endringane tek er det likevel ikkje noko regel på, men vil variere og avhenge av kva verdiar og samfunnstrukturar samfunnet er bygd på i historia (Inglehart & Baker, 2012, s. 49). Sjølv om modernisering fører til massive kulturelle endringar kan betydningsfulle verdiar bli ståande i samfunnet (Inglehart & Baker, 2012, s. 49).

2.3 Ubuntu: afrikansk fellesskapstenking

Tanken om ubuntu har utvikla seg gjennom generasjonar og verdiar har blitt formidla frå foreldre til barn. To hovudomgrep i ubuntu-tenkinga er dualisme og kollektivismen. Dette står i kontrast til materialisme og individualisme (Shutte, 2001, s. 8). Ubuntu-tenking handlar om at ein person ikkje kan sjåast på som berre eit enkelt individ, men at ein utviklar personlegdom og menneskelegdom gjennom samvær og samhald med andre. Ideen er denne: *umuntu ngumuntu ngabantu*, som tyder at ein person blir ein person gjennom andre personar (Shutte, 2001, s. 3). Ein viktig moral i livet er å utvikle personleg vekst, noko som deltaking i samfunnet er ein viktig del av. Historier om ubuntu frå

Sør-Afrika viser at fellesskapstenkinga strekk seg utanfor den biologiske kjernefamilien, og omfattar også vennar og naboar i samfunnet rundt (Shutte, 2001, s. 17). Kollektivismen er sterkare enn individualisme, og sjølv om det er eit mål å oppnå personleg vekst for den enkelte har ikkje ubuntu-tenkinga noko med egoisme å gjere. Den djupare meininga handlar om å verte eit betre menneske gjennom andre (Shutte, 2001, s. 30).

2.4 Formålsrasjonalitet og verdirasjonalitet

Max Weber har utforma teoriar om formålsrasjonalitet og verdirasjonalitet som forsøker å forklare kva som driv menneske til å gjere som dei gjer. Formålsrasjonalitet omfattar at den som handlar prøver å oppnå eit bestemt mål og gjer det som vert oppfatta som det rette for å oppnå dette målet. Verdirasjonalitet er når handlingar er basert på etiske verdiar og at oppfatninga av at handlinga har ein eigenverdi. Ein vil altså ikkje få noko ut av det anna enn handlinga i seg sjølv, og konsekvensar av handlinga vert sett på som mindre viktige (Weber, 1999, s. 11).

2.5 Kort om det zambiske samfunnet

Frå 1891 til 1964 var Zambia underlagt britisk kolonimakt. Éin av dei innverknadane kolonitida fekk på samfunnet i Zambia er innføringa av kristendom i landet. Innføringa av kristendommen gjorde også motstanden mot koloniseringa svakare. Ein kan seie at kolonistane brukte både bibelen og våpen for å kome til makta (Taylor, 2006, s. 31).

I dag er fattigdom dominerande i Zambia. I følge tal frå FN er 74 % av befolkninga i Zambia fattige, basert på tal over forbruk (FN, 2015). Zambia er ingen velferdsstat, noko som mellom anna vil seie at det er økonomisk vanskeleg for zambiarar å få medisinsk hjelp. Tal på HIV/aids-smitta er langsam synkende, og andelen ligg no på om lag 13% for vaksne (NORAD, 2015). Forventa levealder i Zambia er 58 år (NORAD, 2015).

2.6 Kjønnsforskjellar i Zambia

I historia har afrikanske kvinner vore av dei mest undertrykte folkegruppene i heile verda, både samanlikna med menn frå same samfunn og med kvinner elles i verda (Taylor, 2006, s. 91). Zambiske kvinner har alltid vore underordna menn, men før kolonitida var det enkelte makteiningar som kvinner rådde over. Desse vart alternerte av kolonistane som førte med seg kristendommen med rigide kjønnsroller som framheva mannen og svekka kvinna (Taylor, 2006, s. 92). Framleis er

zambiske kvinner er nesten alltid underordna menn, men med seinare globalisering har ideen om vestleg feminisme og kvinneleg sjølvstende nådd Zambia. Dette er stadig motstridande krefter som eksisterer i spenning med kvarandre i utviklinga av kjønnsroller samfunnet (Taylor, 2006, s. 91).

3.0 Metode

I denne delen gjer eg greie for kva metodar og framgangsmåtar eg har brukt i datainnsamlinga, samt kva etiske val og kulturelle omsyn eg har teke i forskingsprosjektet. Denne delen må sjåast i samanheng med empiridelen der resultatata frå datainnsamlinga vert presentert.

3.1 Kvalitativ metode

Til undersøking av draumane til barna sett i samanheng med det samfunnet dei lev i vurderte eg det som naudsynt å nytte kvalitativ forskingsmetode. Ved kvalitativ forskning søker ein ei djupare forståing av eit emne, og tolkinga og analysen av svara frå informantane i den aktuelle situasjonen er viktigare enn å kunne generalisere resultatata i ein vid samanheng (Grønmo, 2004). Ved å samle inn kvalitative data nyttar ein open metode, og ein seier at ei har ei induktiv tilnærming til datainnsamlinga. Den som informerer skal kunne få uttrykkje seg så fritt som mogleg utan at undersøkaren legg for mykje føringar for det som vert formidla. Forskaren skal prøve å unngå å gå inn med ei klar oppfatning av det som skal undersøkast (Jacobsen, 2010, s. 56). Kva metode eg som undersøkjar valde å bruke og korleis eg førebudde datainnsamlinga vart derfor viktig.

Utveljing av informantar

Den beste kjelda til informasjon om zambiske barn sine tankar om framtida er truleg barna sjølve. Eg gjorde ei metodologisk og ressursmessig vurdering av at informasjon frå fire barn ville gi nok data til å dekkje forskingsspørsmåla mine utan at utvalet skulle bli for stort til å handtere til eit prosjekt på denne størrelsen (Grønmo, 2004, s. 92). Samstundes ville sikre kjønnsvariabelen blant informantane, sidan skilnad mellom informasjon frå gutane og jentene var aktuelt å ta opp til drøfting, og ville derfor snakke med to frå kvart kjønn. Slik gjorde eg ei kvoteutveljing (Grønmo, 2004, s. 99). Då eg kom for å gjennomføre intervjuet vart eg møtt av to gutar og tre jenter. Fordi eg tenkte at det barna vil fortelje sikkert ikkje ville variere særleg mykje om dei var to eller tre i gruppa, valde eg å ta med alle tre jentene i samtalen. Det var læraren som hadde plukka ut elevane, og på andletsuttrykket til elevane verka det som det å verte plukka ut til dette oppdraget vart sett på som ei ære. I

augneblinken var det ei kjenslemessig avgjerd frå mi side å ta med alle tre jentene fordi eg ikkje ville sende éi jente tilbake til klasserommet, i frykt for at ho skulle tenke at ho ikkje var god nok eller interessant nok.

Før eg tok til på hovuddatainnsamlinga hadde eg undervisning i ei 6. klasse på ein landsbyskule, der eg fekk moglegheita til å gi elevane ei skriveoppgåve der dei skulle skrive om seg sjølve i framtida. Svara som kom fram av denne oppgåva gav meg ein peikepinn på kva som kunne vere relevant å spørje elevar om i eit intervju seinare med same tema. Det kom også fram interessant informasjon som supplerer data eg fekk frå hovudinnsamlinga, og vert derfor teke med som ein del av empirien i oppgåva.

Semistrukturert gruppeintervju

Christoffersen skriv om gruppesamtalen som hensiktsmessig metode mellom anna når ein skal finne informasjon om haldningar, oppfatningar, reaksjonar og motivasjonar og ein ønskjer å få ei breidde av synspunkt om temaet ein snakkar om (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2010, s. 151). Då eg ville få barna til å snakke om sine tankar om framtida og bakgrunnen for desse, kunne det å snakke med dei i ei lita gruppe få barna til å hjelpe kvarandre med å kome fram til kva tankar dei faktisk har. Å gjennomføre intervjuet i grupper var også eit strategisk val for at barna skulle vere i fleirtal og dermed føle seg mindre pressa i situasjonen.

Fordi eg gjennom dette prosjektet vil finne utdjuvande informasjon om det elevane tenkjer om framtida ville det bli naturleg å gjennomføre intervjuet som ein samtale. Å følgje ein heilt strukturert intervjuguide ville då kunne verke avgrensande for fleksibiliteten (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 79). Samstundes skal svara frå jentene og gutane til ein viss grad kunne samanliknast, noko som krev at dei har fått fortelje innan dei same temaa. Familie og utdanning er eksempel på slike tema. Å gjennomføre delvis strukturerte intervju, samtalar basert på ein intervjuguide var derfor føremålsteneleg. Det var med på å gi ein balanse mellom standardisering og fleksibilitet (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 80). Intervjuguiden inneheldt spørsmål tiltenkt oppstarten på intervjuet for å kome i gang, og ulike tema med forslag til konkrete spørsmål. Eg var budd på at det sannsynlegvis ville bli naturleg å stille oppfølgingsspørsmål som det på førehand er vanskeleg å planlegge. At intervjuet føregjekk i grupper gjorde også at strukturen vart litt lausare. Forskaren fungerer i slike situasjonar meir som ein moderator enn ein intervjuar ved at informantane får snakke fritt og spele vidare på kvarandre sine innspel (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2010, s. 150).

Teikning

På slutten av gruppeintervjuet gav eg elevane teiknepapir og fargestiftar og bad dei teikne seg sjølve slik dei ser for seg at dei vil sjå ut i framtida, i sine omgjevnadar. Eg ville sjå om teikningane deira

kunne vise noko som dei ubevisst ser for seg i framtida, som det kanskje ville vere vanskeleg å setje ord på, også sett i samanheng med at språket var ei forventta hindring. Jentene sat i éi gruppe og gutane i ei anna, og på teikningane deira kan ein sjå at det verkar som spesielt jentene vart inspirerte av kvarandre sine teikningar. Sjå kapittel om moglege feilkjelder og teikningane som er vedlagt.

3.2 Forsking i kontekst

For å skape trygge rammer for barna i intervjusituasjonen ville eg gjennomføre intervjuet på ein stad som var kjend for dei. Deira eigen skule var derfor eit naturleg val av stad for datainnsamlinga. På den utvalde skulen hadde eg hatt undervisningspraksis tidlegare og kjende til både lærarane og ein del av elevane.

Språket var ei føreseieleg barriere som eg ved hjelp av førebuing med formulering av spørsmål på førehand kunne førebygge. Intervjusituasjonen mellom meg og barna ville også vere ein situasjon der utfordringane rundt interkulturell kommunikasjon er ein faktor (Neuliep, 2006, s. 64). Interkulturell kommunikasjon skjer når språk mellom menneske frå ulike kulturelle fellesskap vert utveksla, og bakgrunnen deira er så forskjellig at dei vil tilskrive ulike meiningar til situasjonen utifrå deira eigen forståing (Dahl, 2013, s. 85).

Fordi eg ser annleis ut enn dei menneska zambiske barn er vane med å sjå rundt seg, kunne det vere vanskeleg for barna å halde fokus på tema for samtalen. På spørsmålet om utveljing av informantar tok eg derfor omsyn til faktoren om kva erfaringar elevane hadde med kvite menneskjer frå før. Eg opplevde at på ein skule i eit område der fleire av elevane aldri hadde sett ein kvit person før vart eg sett på meir som ein attraksjon enn ein samtalepartner. Eg gjorde altså ei erfaringsbasert vurdering ved å velje å snakke med barn frå ein skule i eit meir urbant og turistvant strøk.

3.3 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet i eit studium seier kor påliteleg datamaterialet er. Det svarar ofte til om funna frå forskinga stemmer overeins med det andre forskingsprosjekt frå same felt seier. I kvantitativ forskning er forskaren ein viktig del av reliabilitet i prosjektet. Når ein forskar på fenomenet i samfunnet er det umogleg for forskaren å stille seg utanfor miljøet og samfunnet han forkar i. Forskaren vil både påverke og verte påverka av omgivnadane han er i og vil vidare tolke kunnskapen han finn i ei ramme av den forforståinga han har tilegna seg bevisst og ubevisst frå tidlegare (Grønmo, 2004, s. 22). Eg har gjennom dette prosjektet vore merksam på dette og teke omsyn til mellom anna kulturforskjellar

mellom forskar og informantar i innsamlinga av datamaterialet. Jamfør kapittel om forskning i kontekst.

Validiteten i datamaterialet seier noko om kor relevant materialet er i samanheng med den problemstillinga som skal belyst (Grønmo, 2004, s. 231). I samtalane med barna snakka vi om veldig mykje forskjellig som ei følgje av at barna sjølv fekk styre ein del av samtalen. Dette førte til at eg i behandling av datamateriale måtte plukke ut dei utsegna og den informasjonen som eg vurderte som relevant for den aktuelle problemstillinga, for å slik kunne ivareta validiteten i framstillinga av forskinga.

3.4 Etiske omsyn

I samfunnsvitskapleg forskning der menneske er forskingsobjekt vil det vere naudsynt å ta omsyn til dei aktuelle individa sin tryggleik både i sjølv forskingsprosessen og i framstillinga av forskingsresultata. Eg har støtta meg på retningslinjene til De nasjonale forskningsetiske komiteene, som mellom anna omtalar at når ein har barn som informantar i forskinga må ein tenkje på at dei kanskje ikkje heilt forstår kva dei er med på. Ein må i slike situasjonar vurdere forholdet mellom barna sin kompetanse og deira sårbarheit (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2009). I dette tilfellet var det læraren til barna som gav samtykke til deira deltaking i prosjektet. Fordi temaet for forskinga ikkje søker sensitiv informasjon eller er av ein art som gjer barna sårbare i situasjonen var det lite problematisk å la barna sjølv vere førstehandskjelde. Eg har verken nemnt namn på barna eller namn på skulen som elevane går på og sladda namna deira på bilete av teikningane, og har dermed også ivaretatt anonymiteten til barna.

3.5 Moglege feilkjelder

Generelt kunne eg vore betre førebudd med tanke på å intervju barn i ein annan kultur. Eg trur ikkje alltid at barna svarte på det eg meinte å spør om. Dette kan sjåast i samanheng med interkulturell kommunikasjon, der det er mogleg at eg og informantane tolka situasjonen og det som vart sagt ulikt ut i frå våre kulturelle bakgrunnar, og dermed ville tilskrive situasjonen ulik mening. Sjå kapittel om "Forskning i kontekst".

Til første intervjurunde fekk eg tildelt ein stol på ein grasfleck utanfor skulebygget saman med elevane. Rundt oss var det fleire nysgjerrige elevar og til tider ein del støy. I situasjonen tenkte eg at det ikkje ville få så mykje å seie for kva elevane ville ha lyst til å fortelje, men for sjølv

gjennomføringa vart staden for intervjuet ei belastning fordi både eg og elevane vart distrahererte av det som skjedde rundt.

Barna fekk sitje saman i grupper medan dei teikna, noko ein kan sjå i ettertid at har fått innverknad på korleis og kva spesielt jentene framstilte i bilda sine. Dersom dei hadde fått sitje ein og ein kan det tenkast at teikningane mest sannsynleg ville fått meir unike og individuelle utformingar. For gutane sin del kan det verke som manglande interesse for teikning la ei avgrensing for korleis dei utfalda seg i teikningane. Guten som har ein bil ved sida av seg på teikninga fekk også ein medelev til å hjelpe han med dette. Vidare gav spesielt jentene uttrykk for at dei kunne tenkt seg meir tid til å fullføre teikningane. Fordi eg kjende på press frå læraren deira til å bli ferdig fekk dei dessverre ikkje. Det er sannsynleg at teikningane ville blitt ytterlegare dekorerte, men om dette hadde gjenspegla slik dei faktisk ser seg sjølv og omgjevnadane i framtida er usikkert. Situasjonen rundt teikneprosessen kunne altså vore annleis og kunne gitt betre grunnlag for å finne supplerande informasjon om framtidstankane for det enkelte individet dersom dei hadde sete aleine og hadde fått den tida dei ønskte til å jobbe med den.

4.0 Empiri

Datamaterialet eg fekk ut av intervjuet og teikningane har her blitt samla i ein empiridel. Dette er den forskinga som blir drøfta saman med teori i drøftingsdelen seinare. Empirien er samla i hovudemne som deler kapittelet i tre delkapittel, "Familie", "Tryggleik og velstand" og "Utdanning og arbeid".

4.1 Familie

Familie er alt for meg, var det ei som sa. "Dei er alltid der for meg når eg er nede og motiverer meg til å gjere ein god jobb. Dei bryr seg om meg, tek vare på meg og er glad i meg." (Mi oversetjing). Det er viktig for både gutane og jentene og ta vare på familien sin. "Family is not just about relatives", prøvde dei å forklare meg. Dei presiserte at familien det kan også vere naboar, vennar eller til og med lærarar. "The teachers are my parents when I am here [på skulen], and they *peikar bort på nokre yngre elevar* are my sisters". Familie handlar om kven som bryr seg om kvarandre og hjelper kvarandre.

I framtida vil jentene gifte seg og vil ha tre eller fire barn – ein gut og to jenter, eller to gutar og to jenter. Dei vil at gutane skal vere eldst for at dei skal kunne ta vare på søstrene sine og hjelpe til med oppgåver i heimen som ikkje jentene kan gjere. Eit eksempel som vart trekt fram var å kutte ned trea i hagen dersom dei vert for store. Å ha ein son vert også sett på som viktig i tilfelle ektemannen dør – då må han vere mannen i huset. Å ha to jenter er lurt fordi dei kan hjelpe til med oppgåver som mor, altså jentene sjølve i framtida, ikkje når over. Kanskje dei kan vaske og lage mat medan mor er ute? Både jentene og gutane uttrykkjer at det er viktig å få barn slik at nokon kan ta seg av dei når dei blir gamle eller sjuke.

Barna gav uttrykk for at å gifte seg er viktig. Gutane presiserte den praktiske viktigeita ved ekteskapet. Ekteskapet vert sett på som ein økonomisk tryggleik, og gutane seier at kona må hjelpe han med å ha ansvaret for huset dersom det vert for mykje å ta seg av for han. Dessutan seier dei at det er viktig å sjå til at den ein gifter seg med ikkje er HIV/AIDS positiv. Når jentene vert spurt om framtidig ekteskap seier dei at det er viktig å gifte seg med ein som er snill, som ikkje slår og som ikkje drikk.

Jentene vil at ektemannen skal vere sjefen i huset. Den eine jenta grunngir standpunktet sitt med at Gud skapte mannen først, og deretter skapte han kvinna av eit ribbein frå mannen. "First, God created the man", begynte ho argumentasjonen sin med. Gud hadde ein plan med dette og visste kva han gjorde. Gutane på si side uttrykkjer at dei sjølve vil vere sjefen i huset, og seier "I will be the man". Jentene seier likevel at mannen ikkje kan bestemme alt, til dømes kva kona skal seie, ha på seg og kvar ho skal gå. "That would be like living in a cage", presiserte den eine jenta. "Vi kan ikkje alltid vere avhengige av at nokon skal seie kva vi skal gjere, vi må klare å ta vare på oss sjølve" (mi omsetjing), seier dei. Gutane på si side uttrykkjer at dei føler ansvar for framtidig husvære og for å ta vare på kone og barn. At mannen er sjefen er for dei ei sjølvfølgje. Likevel uttrykkjer dei at både mann og kone kan styre, at dersom det blir for mykje for mannen så må kona hjelpe til. Ein kan også sjå ut av teikninga til den eine guten, der han har teikna seg sjølv i uniform saman med ein sportsbil at han ser for seg sjølv som ein statusperson i framtida. Sjå vedlegg.

4.2 Tryggleik og velstand

Gutane gir uttrykk for at dei føler stort ansvar for å vere førebudde på å takle utfordringar i framtida. "Du kan aldri vite kva morgondagen bringer" var ei linje som gjekk att. Dei fortel at dei må vere førebudd på å ta vare på seg sjølve i tilfelle foreldra dør. Dette kom også fram ved at den eine guten

seier at han ikkje kan vite korleis han vil bli sjåandes ut som vaksen, om han bli høg, lav, tynn eller tjukk. Gutane gir likevel uttrykk for at dei har ønskje om å bli høge og kraftige.

Både gutane og jentene vart bedne om å beskrive utsjånaden på sin framtidige heim. Hjø begge gruppene innebar svara at huset skulle ha to etasjar, det skulle ha ein hage med gjerde rundt. Den eine guten sa at han ville ha eit hus med to etasjar, slik dei kunne opphalde seg i underetasjen når det lyna, og i overetasjen dersom det vart flaum.

”Du veit aldri om du vil bli nøydt til å tigge om pengar. Situasjonen kan snu, og plutselig er det du sjølv som er fattig og treng hjelp.” (Mi oversetjing). Dette seier den eine guten om viktigeita av å hjelpe vennane sine og dele det ein har.

Dersom foreldra mine dør så vil andre i familien hjelpe til med å arrangere gravferda. Død kan også styre kven som er ledaren i huset. Dersom mannen dør, må kona ta over. Den eine jenta fortel at foreldra hennar har lovt ho at ho skal få gå på universitet når ho er ferdig i 12. klasse, dersom dei framleis lev då. Dei snakkar som at dei er førebudde på å ta vare på seg sjølve, fordi ein dag vil ikkje foreldra vere der lenger. Ein av gutane kom med eit oppsummerande sitat om denne realiteten: ”You have to be prepared”.

4.3 Utdanning og arbeid

Foreldra til barna er i ulikt arbeid, og jobbar mellom anna som lærar, advokat og seljar på marknad. Barna snakkar om at det er viktig å gjere det bra på skulen. Spesielt i samtalen med gutane la dei vekt på at ein ikkje er på skulen for å tøyse og tulle, men for å lære. ”You have to work hard”, seier dei. Barna frå hovuddatainnsamlinga ønskjer å ta følgjande yrker: journalist, lege, lærar, pilot og advokat. Det er jentene som vil bli journalist, lærar og lege, medan gutane vil bli pilot og advokat. Dei gir uttrykk for at familien er viktig for motivasjon for skulegang, både som støtte og for å ikkje skuffe foreldra sine. Den eine jenta frå gruppeintervjuet fortel at ho vil bli lærar slik som mor si. Ho har sett at ho jobbar hardt, og gir inntrykk av at ho ser opp til henne. Guten som vil bli advokat seier det same om forholdet til far sin, han har sett han arbeide, og slik vil han også vere.

Både gutane og jentene ønskjer seg yrker som kan bidra til noko i familien. Den eine jenta vil for eksempel bli lege for at ho skal kunne pleie mora når ho blir gamal. Guten som sjølv vil bli advokat ønskjer å få ein son som skal bli lege for at han skal kunne hjelpe han sjølv dersom han blir sjuk og når han blir gamal. Han vil også ha dotrer som han vil skal bli sjukepleiarar av same grunn.

Elevane fortalde at dei hadde lært om Mor Teresa på skulen, og det verka som dei var inspirerte av historia om det arbeidet ho gjorde. Både gutane og jentene refererte til ho når dei snakka om at det er viktig å hjelpe andre. Den eine jenta snakka om at ho kunne tenkt å bygge heimar for foreldreause, slik som Mor Teresa. Uttalingane til barna i hovudinnsamlinga bør sjåast i samanheng med den undervisninga dei nyleg har hatt, sjølv om eg ikkje veit kva som vart formidla om temaet. I skriveoppgåva som vart gitt til elevar i ei klasse som ein del av pilotstudien til prosjektet var det fleire som også skreiv at dei ønskjer å hjelpe gatebarn, ta seg av foreldreause og byggje barneheimar. I motsetning til uttalingar kva yrke dei kunne tenke seg og kva land dei ville reist til, var dette noko elevane skreiv utan at vi hadde snakka om det i klassa på førehand.

Jenta som vil bli journalist har høyrte at journalistar i Livingstone har reist og sett mellom anna Victoria Falls, og det vil ho også gjere. Som journalist vil ho fortelje folk kva som er rett og gale. Ho ønskjer å kome på TV slik at folk i heile verda kan sjå ho og høyre det ho har å seie. På spørsmål om kva ho gler seg til i framtida svarte ho at ho ser fram til å vere stolt av seg sjølv. "I want to be proud", sa ho. Vidare presiserer ho at ho vil vere ei som vert sett på som smart og reinsleg, og at ho vil respektere andre som er viktigare enn ho. Ei av dei andre jentene har også ei formeining om korleis ho ønskjer å bli oppfatta: "Eg vil vere ein ærleg og kjærleg person. Eg vil at dei rundt meg skal setje pris på den eg er og ikkje det eg har. Eg vil bli lukkeleg viss eg kan ha folk rundt meg som eg kan snakke med og stole på." (Mi omsetjing). Den tredje jenta, som vil bli lege, drøymmer om å bli ein profilert kirurg slik at ho vil få spørsmål frå legar i andre land i verda om hjelp til å løyse kompliserte operasjonar.

Etter intervjuet eigentleg var ferdig, sat eg saman med jentene og småprata medan dei teikna ferdig teikningane sine. Plutseleg så seier den eine jenta, utan å sjå opp: "You know, I've always been embarrassed to tell anybody about my other dream". Dette kom frå jenta som ville bli journalist, og uttalinga vekte merksemda mi. "I want to be a singer", forsette ho. Vidare forklarte ho at ho ville syngje og danse, og opptre på ei scene. Ho ønskjer å uttrykkje kjensler og formidle meiningane sine gjennom musikken, men snakkar altså ikkje så mykje om desse tankane til andre.

5.0 Drøfting

I denne delen viser eg korleis empirien frå forskingsprosjektet kan knytast til den teorien som er lagt fram om tradisjonelle og moderne samfunn, rasjonalitet og det zambiske samfunnet. Siste kapittel samanfatar elementa i drøftinga som viser korleis både tradisjonelle og modernistiske verdiar og tankesett gjer seg gjeldande i barna sine tankar om framtida.

5.1 Framtidsplanlegging og risikovurdering

Barna uttalte fleire gongar "Du kan aldri vite kva morgondagen bringer". Spesielt gutane snakkar om at dei må vere førebudde på å ta vare på seg sjølve og familien sin. At den eine guten allereie har tankar om korleis huset hans bør byggast for å sikre seg mot både lynnedslag og flaum fortel noko om korleis slike øydeleggingar kan ha store innverknadar på livet til den enkelte i eit samfunn utan ein fungerande velferdsstat (NORAD, 2015). Når 12 år gamle gutar nemner smittefaren og viktigheita av å unngå HIV og AIDS under samtale om framtidig stifting av familie seier det også noko om korleis helsesituasjonen i samfunnet påverkar menneska. Av desse uttalingane kan ein sjå at mangelen på modernitetens abstrakte sikringssystem (Giddens, 1991, s. 114) som forsikringsorningar og helsesystem tvingar befolkninga til å planlegge og gjere val på bakgrunn av ein konstant usikkerheit rundt morgondagen og risiko for øydelegging.

Tankane om framtidsplanlegging kjem også tydeleg fram ved at barna snakkar opent om "when my parents die" og korleis dei då må vere førebudde på at dei får meir ansvar i familien og må kunne ta vare på seg sjølve. Å redusere livstrugande risikoar for den enkelte er eit av kjerneelementa i moderniteten som Giddens (1991) skriv om. Barna viser at dei har ein viss grad av modernistisk tankegang, der dei planlegg og gjer val ut i frå ein formålsrasjonalitet om å oppnå noko, tryggleik, i framtida (Weber, 1999, s. 11).

Barna frå hovuddatainnsamlinga har også klare tankar om kva dei ønskjer av framtidig ekteskap og familie. Det er interessant å sjå at dei allereie har tankar om kva utdanning deira eigne framtidige barn helst skal ha, og korleis dei sjølve kan dra nytte av dette. Ein kan knyte ein slik tankegang om framtidsplanlegging til teori om modernitetens redusering av risikofaktorar (Giddens, 1991, s. 114).

5.2 Familien som sikringsnett

Vidare kan ein sjå at for å skaffe seg den tryggleiken i framtida som barna snakkar om støtter dei seg på det sosiale fellesskapet i samfunnet. Barna snakka entusiastisk om korleis dei andre elevane på skulen er søsken og lærarane er foreldra deira medan dei er på skulen. Barna sjølve påpeika at "family is not just about relatives". Familie-omgrepet vert nytta som eit omgrep for ein relasjon og eit samhald der alle tek vare på kvarandre, hjelper og støtter kvarandre utan at ein ser på biologisk slektskap og stemmer overeins med Shutte (2001, s. 17) si skildring av ubuntu. Det er mellom anna i livets vanskelegheiter som sjukdom, død og øydeleggingar at ubuntu-praksisen er viktig. Når barna snakkar om at dei ser på naboar og venner som ein del av familien, er det viktigheita av å ha støtte i

slike situasjonar barna nemner som forklaring på kvifor dei tenker og gjer som dei gjer om fellesskapet.

Tilhøyre til og bidrag i fellesskapet ser vi også i dette utsagnet "Du veit aldri om du vil bli nøydt til å tigge om pengar. Situasjonen kan snu, og plutselig er det du sjølv som er fattig og treng hjelp." (mi omsetjing). Her er det å vere ein del av fellesskapet viktig nettopp fordi hans eiga framtid er usikker, og dersom han skulle få problem treng han nokon å støtte seg på. Dette speglar ein formålsrasjonalistisk tankegang (Weber, 1999) der handlingar er styrt av fornuft som er typisk for modernismen og i moderne samfunn (Giddens, 1991; Dahl, 2001, s. 72).

I yrkesdraumane til barna ser vi også att ønsket om å hjelpe andre, og det dei seier om ønsket om å byggje barneheimar og å hjelpe foreldreause. Igjen kan vi knytte tankegangen til ubuntu, eg er ein person gjennom andre personar (Shutte, 2001, s. 3). At barna let seg imponere av Mor Teresa og uttaler at dei vil byggje barneheimar og ønskjer å ta vare på foreldreause viser at barna har eit ønske om å bidra til fellessamfunnet. Dette speglar vektlegginga av deltaking og tilhøyre til familien som ein ser i tradisjonelle samfunn (Dahl, 2013, s. 252; Inglehart & Baker, 2012, s. 25). Det kom ikkje fram noko anna spesiell årsak til at barna ønskjer å hjelpe foreldreause. Dette kan tyde på at barna faktisk har eit genuint ønske om å ta vare på andre i samfunnet sjølv om dei ikkje får noko materialistisk att for det sjølve. Dette kan knytast til det Weber (1999) kallar verdirasjonalitet. Tankane som barna har om å hjelpe andre fattige og foreldreause ser ut til å vere styrt av deira etiske verdiar og oppfatninga av eigenverdien i handlinga (Weber, 1999, s. 11). Slik vil altså barna sjølve vere ein del av det sikringsnett som ein kollektivistisk tankegang gir en enkelte i samfunnet (Dahl, 2001, s. 72). Til tross for moderniseringsprosessar som skjer elles i samfunnet kan det sjå ut som tankane knytt til ubuntu er så viktige og grunnleggande at dei desse verdiane er vedvarande (Inglehart & Baker, 2012, s. 49).

5.3 Tradisjonelle kjønnsroller i grunn

I samtale om familieplanlegging seier barna at dei håper at den ønska sonen skal vere eldst for at han kan bidra med å ta ansvar i huset og passe på søskena sine. Igjen speglar barna sine oppfatningar av kjønnsroller dei dominerande tankane i samfunnet knytt til status til kvinner og menn, og ikkje minst kva menn er i stand til å gjere som ikkje kvinna kan. Dette kjønnsrollemønsteret kan ein sjå att i det zambiske samfunnet der kvinna er underlegen mannen i dei aller fleste tilfelle (Taylor, 2006, s. 91). Ein kan også legge merke til at det er den framtidige sonen som er tiltenkt legeyrket medan dotrene kan vere sjukepleiarar, ein profesjon innan same sektor men med lågare status. Det ser ut til at det er

knytt høgare akademiske forventningar til gutane enn jentene, og at desse oppfatningane også ligg hos barna som kom med uttalingane til dette prosjektet. Denne skilnaden speglar både kjønnsrollemønsteret i Zambia og kjønnsoppfatningane som finnast i tradisjonelle samfunn, der det er forventa at menn skal ha høgare status enn kvinner (Taylor, 2006, s. 91; Dahl, 2001, s. 72).

Ein kan samstundes sjå ei slags dobbelheit i det jentene svarer angående at mannen ikkje skal bestemme for mykje over kona, noko som vart forklart med uttalinga "That would be like living in a cage". På den eine sida er det fordi ho sjølv skal ha fridom, medan ho på den andre sida ikkje skal vere ei belastning for mannen. Dette kan tyde på at ho ser eit ideal i det å vere ei sterk og sjølvstendig kvinne, noko uttalingar frå dei andre jentene også tyder på. Jentene har mellom anna ønskjer som går ut på å vise seg som dyktige og kunnskapsrike, også for andre rundt om i verda. At jentene snakkar om at dei vil ha yrker som dei kan vere stolt av og vise seg fram i kan vere eit teikn på at dei som kvinner ønskjer å heve seg sjølve i samfunnet. Lausriving frå kjønnsroller er noko ein kan sjå i Dahl (2001) si skildring av kultur A som ein også kan knyte til moderne samfunn, samt i Inglehart & Baker sine undersøkingar om modernisering og oppretthalding av tradisjonelle verdiar (Inglehart & Baker, 2012, s. 49; Dahl, 2001, s. 72). Samstundes passar ho på å synleggjere sin plass som underdanig mannen i ekteskapet, ved å seie at han skal vere sjefen i huset. Den eine jenta refererer direkte til bibelen når ho argumenterer for si stilling i forhold til den framtidige mannen sin. Uttalinga "first, God created the man" gir grunn til å påstå at kolonistane si innføring av kristendom i landet har hatt noko å seie for forholdet mellom mann og kvinne (Taylor, 2006, s. 92). Denne dobbelheita svarer til dei motsigande kreftene ein kan sjå i utviklinga om likestillingsspørsmålet i Zambia (Taylor, 2006, s. 91).

Gutane har klare oppfatningar om at det er dei, mennene, som har ansvaret i huset. Det er grunn til å tru at denne oppfatninga er tillært både bevisst og ubevisst frå andre i samfunnet rundt som er prega av tradisjonar frå kristendommen (Taylor, 2006, s. 31). At gutane uttaler at kona også kan styre i huset – dersom det vert for mykje ansvar for mannen, er eit teikn på at dei har oppfatning av at kvinna sin autonomi er underlagt mannen sine føresetnadar. I tillegg kan desse haldningane knytast til verdiar i tradisjonelle samfunn som stiller menn høgre enn kvinner, og kulturfilter B om eit syn på verda der kjønnsroller skal oppretthaldast (Inglehart & Baker, 2012, s. 26; Dahl, 2001, s. 72).

Jenta som har ein skjult draum bli songarinne har med dette eit individualistisk ønske som ein kan knyte til modernismens sjølvrealisering (Giddens, 1991). At ho ikkje snakkar så høgt om dette kan kome av at ho kjenner seg forplikta til eit liv der hennar rolle som mor og kone er forventa, i tråd med kjønnsroller i tradisjonelle samfunn (Inglehart & Baker, 2012, s. 26). Hennar ønske om å reise ut i verda for å opptre krev ei lausriving frå desse rolleforventningane samt eit oppbrot med tilhøyrer til

storfamilien. Ein kan altså sjå at denne draumen er knytt til modernisme og individualisme, medan ho undertrykkjer dette til fordel for å oppfylle forventningane til ho som kvinne i eit samfunn basert på tradisjonelle verdiar (Giddens, 1991; Taylor, 2006, s. 92).

5.4 Møte mellom tradisjonelle og moderne verdiar og verdsoppfatning

Etter å ha koplå det barna har sagt om tankar om eiga framtid til samfunnsteoriar ser ein at verdiar og tankesett frå det tradisjonelle og det moderne møtast. På områder som omhandlar kjønnsroller ser ein at barna har tradisjonelle haldningar i grunn som opphøgjer mannen, samstundes som at jentene gir uttrykk for eit underliggende ønske om å utfordre desse levereglane. Dei er klare på at mannen skal vere sjef samstundes som dei ønskjer å bestemme over seg sjølve. Med tradisjonelle verdiar som bakteppe, knytt til den bibelske framstillinga av mann og kvinne, viser altså uttalingane til jentene at eit moderne syn på verda (Dahl, 2001, s. 72) og modernistisk tankegang om utvisking av kjønnsroller har begynt å gjere seg gjeldane (Inglehart & Baker, 2012, s. 20).

Ein ser at den tradisjonelle ubuntu- og fellesskapstenkinga som verdsett tilhøyre og viktigheita av å hjelpe kvarandre heng saman med avhengigheita av kvarandre i mangel på eit fungerande velferdssystem (Shutte, 2001; NORAD, 2015). Ein kan vidare stille spørsmål om opprettholdinga av denne kollektivismen faktisk ikkje er utelukkande noko folket vel, men noko dei grunna tvingande fysiske omstende er fastbundne til. Ein kan i dette tilfellet tenke at tankesett som vi kan kjenne att frå modernismen om framtidsplanlegging og risikovurdering (Giddens, 1991) kanskje først og fremst kjem av at levevilkåra tvinger folket til å tenke taktisk og formålsrasjonalistisk for å overleve (Weber, 1999).

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg drøfta teori og empiri for å finne svar på følgjande problemstilling:

Kva seier zambiske gutar og jenter om si eiga framtid, og korleis kan uttalingane deira spegle samfunnet dei lev i?

Spesielt uttalingane til jentene i denne forskinga viser at modernistiske tankar knytt til utvisking av kjønnsroller har begynt å gjere seg gjeldande i det zambiske samfunnet. Likevel er dei framleis sterkt knytt til dei tradisjonelle kristne kjønnsrollene. Ein kan sjå av haldningane både gutane og jentene har til kjønn, religion og viktigheita av familien at samfunnet er forankra i tradisjonelle verdiar.

Samstundes har barna ein tankegang som ein kan kople til modernisme, ved at dei gjer ei gjennomgåande risikovurdering av vala dei vil ta i livet for å trygge framtida for seg sjølv og familien sin. Det kan sjå ut som om livet i eit risikofylt tradisjonelt samfunn utan ein fungerande velferdsstat tvingar barna til å tenke modernistisk og formålsrasjonelt. Ubuntu-tenkinga også er sterkt tilstadeverande som ein vedvarande verdi i livet, men det kan tenkast at dette ikkje berre kjem av etikk og tradisjon, men også at dei har eit reelt behov for å sikre seg tryggleik i framtida.

Litteratur

Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskingmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.

Dahl, Ø. (2013). *Møte mellom mennesker. Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Dahl, Ø. (2001). *Møte mellom mennesker. Interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

De nasjonale forskningsetiske komiteene. (01.09.2009). *Barn*. Etiske retningslinjer: <https://www.etikkom.no/fbib/temaer/forskning-pa-bestemte-grupper/barn/> Henta 10.03.2016

Esping-Andersen, G. (1990). *The Three Worlds of Welfare Capitalism*. Polity Press.

FN. (06.07.2015). *Millennium Development Goals Indicators*. The Official United Nation Site for MDG Indicators: <http://mdgs.un.org/unsd/mdg/SeriesDetail.aspx?srid=580> Henta 05.11.2016

Giddens, A. (1991). *Modernity and Self-Identity. Self and Society in the Late Modern Age*. Cambridge, UK: Polity Press.

Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.

Inglehart, R., & Baker, W. E. (02.08.2012). Modernization, cultural change and the persistence of traditional values. *American Sociological Review*, s. 19-51.

Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2010). *Samfunnsvitenskaplig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.

Neuliep, J. W. (2006). *Intercultural communication*. California, USA: Sage Publications, Inc.

NORAD. (29.07.2015). *Zambia*. Norad: <https://www.norad.no/landsider/afrika/zambia/> Henta 03.04.2016

Shutte, A. (2001). *UBUNTU An ethic for a New South Africa*. Pietermaritzburg, Sør-Afrika: Cluster Publications.

Taylor, S. D. (2006). *Culture and customs of Zambia*. Westport, Connecticut, USA: Greenwood Press.

Weber, M. (1999). *Verdi og handling*. (H. Jordheim, Trans.) Oslo: Pax Forlag.

Vedlegg:


Teikningar

Jente 1



Jente 1 Bakside





Jente 3




Jente 3

Bakside




Gut 1



future

Gut 2



my-future

How much should be the size?
Proportion?